

Til

Rådmannen i Lindås kommune

UTTALE OM SJUKEHEIMPLASSAR

Lindås pensjonistlag representerer kring 150 medlemmer frå 65 år og oppover, så vi har god kontakt og tilbakemeldinger frå medlemmer om deira tankar og erfaringer rundt dette sakskomplekset.

Lindås pensjonistlag erfarer at det føreligg planforslag om å redusera sjukeheimplasser med 20 stk i Lindås kommune. Dette meiner vi må vera eit for drastisk tiltak når vi får vita at forventna auke er kring 150 personer, eller kring 24 prosent frå 2020 til 2025 blant gruppa 80+. Ei godt utbygd heimeteneste vil nok vera med på å avhjelpa behovet, men vi ser av størrelsen på saka at vi ikkje kan setja vår lit til at så skjer.

Behovet veks både for sjukeheimplassar og heimehjelpbygging. Vi føler ikkje at dagens forslag ivaretek alle behov i dette forslaget.

Er ei god utbygd heimetenesta grunna i meir bruk av velferdsteknologi, det vil sei at fleire skal bu heima?

Er det vurdert auking i bygging/tilrettelegging av omsorgsboliger?

Vi har sett nok av eksempler i TV der det vert flagga høgt at dei eldre skal få bu heime så lenge dei vil, men når dei ikkje lenger vil eller kan, så seier kommunen nå bestemmer vi og du skal bu heime for vi har ikkje plass til deg på sjukeheim. La oss ikkje komma i den situasjonen i kommunen.

Vi ber om at forslaget vert revurdert.

Venleg helsing

For styret i Lindås pensjonistlag

Kåre Bastesen

leiar

Mobil 91627736

kare.bastesen@bkkfiber.no